

Budsjett Institutt for framandspråk 2008

Det vedlagde budsjettutkastet er førebels og byggjer på løyvingane frå fakultetet så langt vi kjenner desse i starten av februar 2008. Fakultetet har tidlegare gitt grønt lys for at institutta får overføra ubrukte midlar frå 2007, men vi ventar på avslutninga av rekneskapen for 2007 og dermed også sluttresultatet. I 2007 følgde budsjetteringa og rekneskapen dei gamle instituttgrensene, òg etter at dei ulike faga og institutta gjekk saman til Institutt for framandspråk 1. august. Det vedlagde budsjettutkastet for 2008 er såleis det første samla budsjettet for Institutt for framandspråk.

Budsjettutkastet er tidlegare presentert for leiargruppa ved instituttet, og blir med dette lagt fram for instituttrådet, som kan koma med kommentarar, spørsmål og synspunkt. Rådet skal gje råd til instituttleiariar, men det er leiariar som til slutt godkjenner budsjettet – innanfor dei rammer og reglar som gjeld ved fakultetet.

Nedanfor følgjer kommentarar til ulike postar i budsjettet.

Løyvingar

- 1) Resultattildelinga baserer seg på avlagde studiepoeng på lågare grad ved IF-faga i 2006.
- 2) Støtta til forskingsføremål, publisering og ekskursjonar er øyremerkte tildelingar frå fakultetet.
- 3) Fakultetet har gitt forskningsterminar til desse personane i 2008: Haugland (vår og haust, engelsk), Hestetun (vår, engelsk), Janicki (vår, engelsk), Ropeid (vår, tysk), Altermark (vår, russisk), Sanaker (vår, fransk), Trebbi (vår, fransk), Askeland (vår og haust, spansk), Johnsen (vår og haust, spansk). Totalt blir dette tolv forskningsterminar x 32 000 kroner, dvs til saman 384 000 kroner.
- 4) Tildelinga av driftsmidlar for stipendiatane er ufullstendig. Det manglar tildelingar for alle stipendiatane på kvoteprogrammet. Det er meldt frå til fakultetet, og summen av driftsmidlar må justerast opp.
- 5) Påskjøningsmidlane for uteksaminerte masterstudentar og doktorandar blir fordelt med 70 prosent som forskingsmidlar til rettleiaren og resten til instituttet. Satsane varierer ut frå om kandidaten har levert til normert tid eller ikkje. I vedlegget til budsjettet går det fram i detalj korleis påskjøningsmidlane er fordelt.

- 6) Tidlegare har fakultetet betalt ut honorara til dei eksterne sensorane på eksamen. Frå og med 2008 skal dette dekkast av instituttbudsjetta, og fakultetet har overført 482.800 kroner til IF for å dekkja pårekna sensurutgifter.
- 7) Midlar overført til instituttet for Eva Th. Vold og Michael Grote.

Utgifter

- 1) Dei disponible lønsmidlane består av ein del av den resultatbaserte overføringa frå fakultetet, midlar til styrking av arabisk/italiensk/japansk/russisk, finansiering av forskingspermisjonar, midlar til russiske språkpedagogar, vikarmidlar for viserektor Kjersti Fløttum, og midlar til dekning av sensurutgifter.
- 2) Timemidlane er fordelt slik: Dei 150.000 som er øymerkt russiske språkpedagogar, er lagt inn på russisk. Vidare har instituttet fått 100.000 øymerkt styrking av arabisk/japansk/russisk/italiensk, og desse pengane er fordelte med 25.000 til kvart av dei fire faga. I tillegg må vi overføra til saman 244.350 til fakultetet for fjerdeåret ("undervisningsåret") til dei tre stipendiatane Skalle (italiensk), Clausen (fransk) og Didriksen (fransk). Når desse fråtrekka er gjort, er resten av dei disponible lønsmidlane (1.256.689) fordelt prosentvis etter studiepoengproduksjonen på kvart enkelt fag i 2006, slik at arabisk får 5.5 prosent, engelsk 32.5, fransk 9, japansk 8, italiensk 5.5, russisk 6, spansk 26 og tysk 7.5. (Merk at den omfattande vidareutdanninga på spansk ikkje er rekna inn i grunnlaget for timemiddel-fordelinga, sidan desse kursa er sjølvfinansierande betalingskurs).
Sjølv om fordelinga over utgjør ramma omkring bruken av vikarar og timelærarar, må det vera ein viss fleksibilitet i systemet slik at midlar kan overførast mellom faga etter behov.
Må instituttet bruka meir til timemidlar enn det som er avsette over, kan vi overføra frå driftssida i budsjettet. Men då må vi også inkludera sosiale kostnader i utgiftene på instituttnivå (41.2 prosent). Så lenge vi løner folk innanfor dei avsette timemidlane, ligg derimot dei sosiale kostnadene på fakultetet.
- 3) Vi vil få ei øymerkt overføring til TRANSHF når talet på eksamensmelde studentar er klart.
- 4) Instituttet fekk hausten 2007 eit oversyn over it-utstyr som burde skiftast ut. Det er urealistisk med ei så stor utskifting som it-avdelinga foreslo. Instituttet rekna på prisen for ei slik storskala-utskifting av pc-ar, og kom til ein sum som nærma seg 300.000 kroner. Utskifting av Apple-maskiner ville koma i tillegg. I budsjettet er det gjort framlegg om 150.000 til utskifting av it-utstyr.
- 5) Forskingsstøtte, publiseringsstøtte og ekskursjonar tilsvarar øymerkerte overføringar frå fakultetet. Søknadsfristen til desse midlane var i januar, og det kom ikkje inn søknader om støtte til studentekskursjonar. Midlane blir fordelt etter at tildelingane frå Meltzerfondet er kunngjorde 8. mars.
- 6) Det blir sett av 140.000 til forskingsgruppene, og midlane blir fordelt etter søknad. Grupper som allereie har fått støtte til oppstartsseminar og liknande, vil normalt måtta stilla bak i køen i tevling med søknader frå grupper som ikkje har fått slik støtte.

- 7) Søknadene instituttet har fått om støtte til forskingsføremål og publisering, går langt utover dei øyremerkte tildelingane frå fakultetet. Instituttet har derfor sett av ein tilleggssum (122.500). Tilleggsavsetningar ut over dette må vurderast litt lenger ut i semesteret når ein har betre oversikt over forbruket m.a. til timemidlar og generell drift.
- 8) Instituttet har fått overført 200.000 kroner fordi Sissel Lægreid og Aud Solbjørg Skulstad fekk opprykk til professor i 2007. Midlane kan brukast til å ulike tiltak for å fremja likestillinga ved instituttet.
- 9) Det er sett av 15.000 i driftsmidlar til kvart av dei fem studieprogramma ved instituttet: USA-studium, Latinamerikastudium, lærarutdanninga, SPIK og SPINF.

Arve Kjell Uthaug,
12. februar 2008